

Styrets samansetning

Leiar: Øyvind Tveit

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen, Joachim Bjørge. Dagleg leiar Hølje Haugsjå møter fast på styremøta.

Styremøte

Det er avhalde 4 styremøte i 2020. Alle styremøte og årsmøtet i 2020 vart gjennomførte som videokonferanse på plattformen Whereby.com. Dette har fungert bra.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit og uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftig bistand til Mali. Organisasjonen har si operative verksemd i Mali og har, i tillegg til fleire samarbeidspartnarar, eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levekåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.


Samarbeidspartnarar og prosjektstøtte

Den største donor for NorSahel og prosjekta i Mali har i fleire år vore Kavlifondet i Bergen. NorSahel har sidan 2015 fått 3 hovudavtalar og 2 ekstratilskot frå Kavlifondet. Den siste avtala vart underteikna i juni 2018 og var for 2 år, fram til juni 2020. Kavlifondet signaliserte på byrjinga av 2020 at dei ville fortsette å støtte NorSahel. Samtalar vart haldne vinteren 2020 trass i at Kavlifondet eigentleg ikkje hadde Mali som fokusland lenger. Dei ynskte å støtte eit prosjekt som gjekk på digitalisering av fødsjar, og som byggjer på konseptet HBB App. Den nye støtta frå Kavlifondet vart tilrådd av den daglege leiinga i organisasjonen. Eit nytt konsept vart sendt til Kavlifondet i mars 2020, rett før Noreg stengte ned grunna korona-situasjonen. Rett etter dette gav Kavlifondet beskjed om at dei måtte fryse alle nye prosjekt, inkludert NorSahel sitt, grunna korona-epidemien og uvissa denne førte med seg.


Styret er takksame for tilliten Kavlifondet har vist NorSahel. Vi har forsøkt å forvalte midlane i tråd med organisasjonen sitt føremål, og resultatane har vore dokumentert gode.

NorSahel hadde vidare litt igjen av midlane frå Laerdal Foundation(LF) i 2020. Organisasjonen har støtta oss med fleire prosjekt sidan starten av nyfødt-programmet i Mali. Støtta har blitt gjeven i namnet til enkeltpersonar, men forvaltast heilt og fullt av NorSahel og er underlagt same rutinar som prosjekt elles. LF har særleg vore interessert i samarbeid om digitalisering og gav i 2019, i namnet til Hølje Haugsjå og Olav Mikkel Eielsen, støtte prosjektet HBB App. Dette prosjektet tok slutt i mars 2020.

I byrjinga av 2020 hadde NorSahel og samarbeidspartnarar i Mali store forventningar til eit samarbeid rundt eit større program, gjeven til Mali gjennom GFF (Global Financing Facility for Women, Children and Adolescents). Store delar av dette programmet er blitt finansiert av Laerdal Global Health. Vidare har også Norad vore med i finansiering av programmet. Programmet skulle forvaltast av AMAPED(den maliske fødselslegeförening) og Unicef. Blant viktige føresetnader for at dette programmet, på over 6 mill Euro, blei gjeven til nettopp Mali, var at NorSahel skulle vere med i samarbeidet. Samtalar blei gjennomførte, og fleire frå NorSahel og referansegruppa planla og betalte reise til Mali i byrjinga av april. Det var planlagt nye drøftingar av samarbeidet, samt ein konferanse med Ola D. Saugstad som ein av hovudforelesarane. Denne reisa blei utsatt på ubestemt tid grunna korona-situasjonen.


 Legally signed by
Jorunn Kverndalen Frisch
16.04.2021


 Legally signed by
Hølje Haugsjå
16.04.2021

 Legally signed by
Øyvind Tveit
16.04.2021

 Legally signed by
Mari Innerdal
18.04.2021

 Legally signed by
Anita Haugstad Haugsjå
21.04.2021

 Legally signed by
Joachim Bjørge
22.04.2021

 Legally signed by
Tahani Siddik Berge
21.05.2021

NorSahel har gjennom året hatt møte med både Laerdal ved Tore Laerdal og Norad ved Haitham Emen framleis er det ikkje inngått noko formelt samarbeid. Det har kome tydeleg fram i møta at både og Norad såg føre seg eit nært samarbeid her, men dette har altså enno ikkje blitt stadfesta. Slik styret ville den suspenderte reisa til Mali i april 2020 ha framskunda prosessen og leia til eit samarbeid. Som Kavlifondet over har difor konna-situasjonen hatt avgjerande verknad for at samarbeid er utsatt og, fall, ikkje blir gjennomført.

NorSahel bruka igjen mykje tid og ressursar på å utforme ein grundig søknad til Norad hausten 2020, endeleg å kunne motta offentleg støtte. Søknaden kom til siste runde (12 av 24 søknader) og blei i 2019, gjenstand for fullstendig RAM-vurdering. NorSahel fekk avslag på søknaden, trass i ein lengre dialog med Norad om diverse tilleggsopplysningar. Søknaden var også betra og meir spissa, og bygde mykje på tilbakemeldingane frå 2019 søknaden. Det har også kome fram at både Norad si fagavdeling innan helse og Ambassaden i Bamako tilrådde å imøtekomme søknaden. Styret valde, etter ein lengre prosess saman med kompetansegruppa (tidl. ekspertgruppa) å sende klage til Norad/U.D. Klagen er avvist av Norad og sendt vidare til endeleg avgjerd i UD.

Mitt i ergring, både over Korona og Norad, klarer styret å gle seg over dei mange som ser verdien av NorSahel sin innsats i Mali. Ikkje minst ser vi svært positivt på Ambassaden i Bamako si verdsetjing av NorSahel sitt arbeid i landet.

Aktivitet

Spesielle eventar (arrangement) i 2020

Alle fysiske arrangement vart avlyste i 2020 grunna Korona.

Av digitale arrangement er det feiringar av bursdagar som har gjeve NorSahel ekstra inntekter i 2020. Hølje Haugsjå, Mari Grove og Øystein Fredriksen har feira bursdagar og samla inn til NorSahel sitt arbeid i Mali. I alt kom det inn nesten 45 000 NOK på desse bursdagane. I tillegg kom det inn 13000,- i samband med feiring av 75-års jubileet til Nissedal KrF.

Juleinnsamlinga 2020

Hølje Haugsjå, Anita H. Haugsjå, Mari Innerdal, Tahani Siddik Berge og Joachim Bjørge vart oppnemnt av styret til å organisere juleinnsamlinga 2020. Denne gruppa arbeidde godt saman og iverksette fleire gode tiltak for å samle inn pengar til prosjekta i Mali. Joachim, med assistanse frå Tahani, vidareutvikla eit profitt konsept med digitale julekort. I alt kom det inn 36 450 NOK på juleinnsamlinga, noko som er ein oppgang på over 10 000 frå 2019.

Informasjonsarbeidet

Styremedlem Tahani S. Berge har også i år vore informasjonsansvarleg for NorSahel. Ho har i delar i året hatt tidsavgrensa avtale om gjennomføring av visse kampanjar og informasjonsmaterieill, bl.a. om gjennomføring av julekampanjen. Tahani har, til liks med andre i styret og administrasjonen, lagt ned mykje frivillig innsats med informasjonsarbeid, inkludert arbeidet med å oppdatere Facebook og nettside. NorSahel har i 2020 ikkje engasjert eksterne for å gjennomføre informasjon og innsamlingsarbeid. Til tross for dette ser styret at gåveinntektene har halde seg ganske bra, og nedgangen har vore mindre enn frykta. Innsamlingsprosenten er blitt høg, heile 97 %.


Prosjekta i Mali

Innleiing:


NorSahel hadde full aktivitet i Mali fram til mars 2020. Deretter blei det bestemt at alle aktivitetar måtte setjast på pause grunna korona-situasjonen. Alle opplæringar innan HBB-prosjektet blei stogga. Vidare blei alle skulane stengt og blei ikkje opna før i februar 2021.


NorSahel har i heile perioden halde oppe kontoret i Bamako og lønna stadleg representant.


I juli 2020 blei jordmor Koumba, som har virka for NorSahel i 5 år som prosjektkoordinator, sagt opp grunna mangel på prosjektarbeid.


 Legally signed by
Jorunn Kverndalen Frisch
16.04.2021


 Legally signed by
Hølje Haugsjå
16.04.2021

 Legally signed by
Øyvind Tveit
16.04.2021

 Legally signed by
Mari Innerdal
18.04.2021

 Legally signed by
Anita Haugstad Haugsjå
21.04.2021

 Legally signed by
Joachim Bjørge
22.04.2021

 Legally signed by
Tahani Siddik Berge
21.05.2021

Koron-hjelp Mali

I første fase av korona-epidemien hjalp NorSahel mange helsestasjonar, der vi har arbeidd med nyfødtsomsorg, med informasjon og retting om covid-19. Fokuset her var gravide og nyfødde. Blant NorSahel med på å utvikle smitterettleiarar for jordmødrer, og leiar i referansegruppa, Ola D. Saugstad, er rådgivar for maliske legar her.

Prosjektet HBB III Mali:

Hovudprosjektet og lokomotivet for NorSahel i Mali er Helping Babies Breathe (HBB III). Her er Kavlifondet klart største donor. Ekspertgruppa for nyfødt-prosjektet spelar ei stadig viktigare rolle i oppfølging og forskning, og har roller inn mot opplæringa. Gruppa, som blir leia av professor Ola Didrik Saugstad, består av i alt 9 personar, og har hatt mange møtepunkt også i 2020. Hølje Haugsjå er programansvarleg for prosjektet og kontaktpunktet mellom Norge og Mali. Mari Innerdal har fått auka ansvar og roller inn mot prosjektet. Ho er ein sentral medlem av ekspertgruppa og er assisterande programansvarleg.

Av viktige aktivitetar/mile pælar i 2020 innan dette prosjektet kan vi nemne:

- *Følgande opplæringar blei gjennomført i 2020 (før nedstenging i mars):*
 - ✓ Repetisjonsopplæringar i fleire helsedistrikt (som Fana og Kolikani) med eksisterande fasilitatorar og providers.
 - ✓ Opplæring av fasilitatorar (lærarar) og jordmødrer/fødselspersonell ved Kati CHU (Universitetssjukehus). Denne blei nesten avslutta, men blei avbrote grunna korona-situasjonen

- *Supervisions og avsluttande rapport HBB-prosjektet (september-oktober 2020 etter gjenopning)*

Dette tilsynet (Supervision) bygger på eit system vi har utvikla gjennom prosjektet og som vi kallar: Educative joint supervisions (Pedagogisk felles tilsyn):

Personell frå NorSahel, saman med fasilitatorar og helsestyresmakter, gjorde ei rundreise saman for å kontrollere kvaliteten på opplæringa, og for å gje utfyllande opplæring og rettleiing der det var nødvendig. Det regionale helsedirektoratet var involvert i dette tilsynet/rapporteringa.

Mange helsesentre (CSCOM) og CSRéf (distrikts sjukehus) blei besøkt i prosjektområdet, og det vart skriva ein grundig rapport i etterkant. Denne rapporten dannar såleis ein sluttrapport for prosjektet HBB III Mali.

Resultat av prosjektet:

NorSahel har i fleire år brukt mykje tid og ressursar på å få fram resultat i prosjektet via forskning. Innsamling av data og forskning vert gjort i eit nært samarbeid mellom professor Ola Didrik Saugstad, kompetansegruppa og maliske helsestyresmakter som vi har fått tilgang på ei mengde data ifrå, oppdaterte data rundt fødselar frå alle helsestasjonar og sjukehus der prosjektet har arbeidd. Desse tala er samla, gjennomgått og presentert i rapportform. I sum viser tala ein nedgang i dødfødt-raten i prosjektområdet. Dette er den viktigaste indikator for måloppnåing.

Den viktigaste mile-pælen i NorSahel si historie med HBB prosjektet i Mali, er nok publiseringa av ein forskingsartikkel i det vitenskaplege tidsskriftet: Journal of tropical Paediatrics (eit Oxford basert tidsskrift) under navnet: «*Reduction in Perinatal Mortality after Implementation of HBB Training at a District Hospital in Mali*». Artikkelen er viktig av mange grunnar. Både viser han det sterke samarbeidet som kompetansegruppa har hatt med legar og forskarar i Mali, og, på ein sterkt dokumentert måte, at prosjektet til NorSahel har gjeve svært gode resultat i Mali. Den langsiktige og solide strukturen NorSahel har bygd opp i Mali, har blitt dokumentert å vere effektiv.

Styret takkar særleg Mari Innerdal for den jobben ho har lagt ned i artikkelen, saman med leiar i kompetansegruppa, Ola D. Saugstad.

NorSahel ynskjer å utvide prosjektet HBB 2.0 til andre distrikt i Koulikoro og til fleire regionar i Sør-Mali. Saman med maliske partnerar, er det utarbeida eit konsept som omfattar store delar av sørlege Mali. Vidare vil ein vidareutvikle teknologi for å styrke opplæringane og innsamling av data.

Legally signed by
Jorunn Kverndalen Frisch
16.04.2021

Legally signed by
Hølje Haugsjå
16.04.2021

Legally signed by
Øyvind Tveit
16.04.2021

Legally signed by
Mari Innerdal
18.04.2021

Legally signed by
Anita Haugstad Haugsjå
21.04.2021

Legally signed by
Joachim Bjørge
22.04.2021

Legally signed by
Tahani Siddik Berge
21.05.2021

HBB App-prosjekt i Mali

I 2020 var endeleg prototypen på ein App ferdig utvikla og testa. Prosjektet vart avslutta i februar. Sluttrapport vart skriven i april og presentert for Laerdal Foundation. Han vart også sendt til Kavlifondet. Prosjektet er eit samarbeid med fagmiljø i Stavanger og er støtta av Laerdal Foundation og Kavlifondet.

- Prosjektet skal bruke digital teknologi til å samle inn data frå fødselar på helsesenter i Mali i samarbeid med HBB-prosjektet.
- Prosjektgruppa har kome fram til (i samarbeid med maliske styresmakter) ein nøyaktig tekst for å utvikla Appen på like nettbrett av dei som skal nyttast i Mali (som vi har fått sendt opp frå Mali).
- Vi har hatt en eigen teknologiansvarleg i Noreg som arbeider saman med prosjektleiar, Olav Mikkel Eielsen, Universitet i Stavanger. Forskingsmessig ansvarleg er Ola D. Saugstad.
- Datautviklar for HBB App-prosjektet har vore Asbjørn Rørvik som har lagt ned ein stor og viktig jobb. Marthe E. Eielsen har vore forskings-assistent og vore med i prosjektteamet for HBB App under heile prosjektet.
- Appen skal bruke minst mogleg data for å laste data opp til ei sky, og kan nyttast utan nettverk (Han laster seg opp automatisk når ein kjem inn i nettverk)
- Appen skal kunne vidareutviklast og brukast av helsestyresmaktene i framtida i relasjon til fødselar og data frå helsesenter.
- Samarbeidet med helsestyresmaktene har vore godt og viktig under dette innovative prosjektet.
- Heile prosjektapparatet i Mali og Noreg har mellom oktober 2019 og feb. 2020 vore engasjerte i HBB App prosjektet. I denne perioden vart appen testa ved fem sjukehus/helsesenter i Mali, og 366 fødselar vart registrerte.

Resultat av prosjektet:

- Tilbakemeldingane frå malisk helsepersonell som testa appen, og helsestyresmaktene i Mali var gode.
- Resultata frå prosjektet vil bli publiserte i ein metodeartikkel, og to gjennomførte presentasjonar ved internasjonale forskingskonferansar er relaterte til prosjektet.
- HBB App er brukt som utgangspunkt for eit nytt innovativt digitaliseringsprosjekt, utarbeidd i konseptform. Dette nye prosjektet legg opp til å verte utvida, som eit framtidig verktøy for myndighetene, til å gjelde all fødselsregistrering i eit pilotområde.

Sykkelprosjektet:

Dette prosjektet blir drive av private innsamla midlar. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen.

I 2020 har også dette prosjektet vore sterkt prega av Korona-epidemien. I perioden før nedstenging var skulane også ramma av streik. Alle skulane var stengde heilt frå midten av mars til februar 2021. I mellomtida har stadleg representant i Bamako fylgd opp kontaktpunkta i området og fått ein oversikt over sykklar og status til prosjektet. NorSahel har sidan 2014 delt ut over 650 skulesyklar. Til saman 6 ungdomskular i kommunane Kokofata (ca. 27 000 innbyggjarar) og Tambaga (ca. 17 000 innbyggjarar) er med i prosjektet. To nye ungdomskular i to andre kommunar har blitt godkjente og har underskrive regelverket. Det inneber at dei vil få sykklar i 2021.

Resultatet frå prosjektet er blitt publisert på Facebook. Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos ungdomskulane, gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesyklar til primært jenter. Styret vil fortløpande vurdere om det er aktuelt å søkje eksterne midlar for dette prosjektet.

Fortsett drift

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og rekneskapen for 2020 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2020

Årsrekneskapen for 2020 er viser ei omsetting på 1 204 644 NOK. Dette er nesten ei halvering av omsetninga for 2019. Som forklart over, er mykje av dette fallet i inntekter grunna Korona-situasjonen.

Utgiftene er til saman på 997 739 som gir eit overskot på 206 905.

Kostnader til aktivitetar som oppfyller formålet, var i 2020 på 827 539. Kostnader til innsamling a var på 5 916 noko som gir ein innsamlingsprosenten på 97%(94% i 2019). Grunnen til at denne er i 2020, er rett og slett at det meste av arbeidet med å samle inn midlar har skjedd på frivillig basis c tillegg har skjedd digitalt.

146 783 av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca. 15 % (10% i 2019). Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og samstundes sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali. Dagleg leiar har i 2020 vore engasjert som programansvarleg og kontaktpunkt mellom Mali og Norge på konsulentbasis. Engasjementet i 2020 har vore ca. 15 % stilling.

Likestilling

4 av 6 medlemmer av styret er kvinner. Prosjektleiar for nyfødt-prosjektet i Mali, var ei kvinneleg jordmor. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali, både via sykkelprosjektet, som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering

NorSahel sitt resultat for 2020 blir overført til neste år.

Treungen 14.04.2021

Øyvind Tveit, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Joachim Bjørge

Tahani Siddik Berge

Hølje Haugsjå, dagleg leiar